



Dokid: 110000126048 (10/93-199)  
Vågslid

## **Heiplanen**

### **Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei**

**Frå Vågslid Grunneigarlag.**

**09.11.2011**

**Vågslid Grunneigarlag har fylgjande merknader etter gjennomgang av Heiplanen, på vegne av dei grunneigarar som vert berørt av planen:**

#### **Viktigaste merknader:**

- 1. Planen har utvida hensynssone villrein arealmessig. Den er ikkje i samsvar med Vinje kommunes kommunedeiplan Vågslid.  
Vi visar til pkt. 2 i Heiplanen:  
"vedtatte reguleringsplaner, kommunedelplaner, kommuneplaner og andre fylkesdel (regional) planer gjelder".  
Grunneigarlaget er forundra over omfanget av hensynssone bygdeutvikling som er tildela heile Setesdal, frå Åseral, Byglend og opp forbi Hovden, nesten til Telemark grense. Kva er grunnen til at vårt område har blitt tildelt svært begrensa areal for mogleg bygdeutvikling?**
- 2. Vinjes kommunedeiplan for Vågslid strekker seg i snitt under 2 km inn på arealet sør for Kjela-vassdraget. I vestlege del adskillig mindre, og det er her høgfjellsområdet ligg. Grunneigarlaget meiner at leveområdet for villrein i svært liten grad vert berørt.**
- 3. Grunneigarane har ikkje planar om utbygging ovanfor tregrensa innan det området kommunedeiplanen omfattar.**
- 4. Vert hensynssona vedteke slik Heiplanen har skissera, vert konsekvensen at Vågslid mistar det einaste store og attraktive areal for bygdeutvikling innan reiseliv. Det er no begrensa område igjen for tiltak på nordsida av Kjela-vassdraget, (mot Hardangervidda) der dagens reiselivsbedrifter, hytter, og andre verksemdar ligg.**
- 5. Viktig å merke seg: Vågslid Grunneigarlag sine medlemmer ser dei fleste tiltak som Heiplanen legg opp til, som viktige og nødvendige. Vi er opptekne av å ta vare på villreinen, som oppleving og attraksjon, og for jakt etter dei reglar som gjeld og etter tradisjon i fjellbygda.**

### **Vinje kommunes kommunedeiplan Vågslid.**

Vi meiner dette er ein plan som arealmessig gjev eit beskjedent "inngrep" i villreinområdet, sidan den stort sett fevner over bjørk- furuskogareal og lite snaufjell. Svært bratte lier og fjellsider gjev eit naturleg grensevalg. Ein lyt og merke seg at planen dekker eit svært lite areal, i forhold til dei enorme viddene som ligg sør i Setesdal Vesthei / Ryfylkeheiane.

### **Behov for områder til vidare utbygging i Vågslid.**

Det er nokså begrensa areal igjen på nordsida av Kjelavassdraget (Hardangervidda-sida) som eignar seg. Ein kjem lett i konflikt med verneområdet på denne sida av E134.

Delar av området sør for Kjela eignar seg godt til hyttebygging, med nærleik til Haukelifjell skisenter, og det er ingen vanskar med tilkobling til kommunalt avløpsnett.

Her er naturlege grenser - bratte lier og fjellsider, som gjer ei utbygging opp mot snaufjellet urealistisk.

I Heiplanen er det knapt avsett "Hensynssone bygdeutvikling" for Vågslidområdet sør for Kjelavassdraget. Så vidt vi skjønar planen, er det avsett store areal i alle andre kommunar som vert berørt i dei andre fylka.

**Vi vil gje dykk ein del tilleggsopplysningar som kan danne grunnlag for å vurdere endring i Heiplanen - med "hensynssone bygdeutvikling" til fordel for Vågslid.**

### **Kort beskrivelse av Vågslid:**

Vågslid ligg i nordvestre del av Vinje kommune i Telemark, Haukelifjell.

Kommundelplanen dekker ca 13 km langs vassdraget, på nord- og sørsida av Kjelavassdraget og E 134.

Vågslid omfattar eigedomar/ areal både mot Hardangervidda i nord og mot Setesdal / Ryfylke i sør. Vassdraget er del av Tokke-reguleringa.

Området ligg i h.o.h. frå ca 750 m austre del til over 1600 m i vest. Landskapet er kupert, med dalar og fjell, vatn og tjønner, elvar og bekkar Vegetasjon med lauv-/bjørkeskog og spreidd furuskog til tregrensa ved ca 1000 m o h

Tidlegare var det fjellgardar med husdyrhald og tradisjonell fjellbygdbusetnad, men gards- og støyldrif er ikkje lenger aktuelt for dei fastbuande. Dei fleste arbeider innan turisme, innan entreprenør og anleggsverksemder.

Det vert framleis leigd ut beite til sau over det meste av arealet, både i skogsområde og høgfjell. Litt støyldrif (geiter) til utleige.

Reiseliv alltid vore svært viktig både som hovudnæring og som bi-inntekt, og er årsak til at bygda "lever" i dag. (endring i reiseliv: vekk frå hotell og andre overmattingsbedrifter til privat- og utleigebytter og leilighetskompleks.

### **Vågslid Grunneigarlag**

vart stifta for meir enn 60 år sidan, og har samarbeidd med salg av fiskekort, jaktkort for småvilt og rype, storviltjakt (elg). Laget har også gjort tiltak for å bevare fiskebestand, freista få kontroll på ørekyteproblemet, samarbeidd om andre oppgåver. Vi kan nevne at turstiar, gang og sykkelveggar, osv har blitt bygd og halde vedlike av grunneigarlaget. Laget har hatt stor betydning for bygda.

Jaktutleige: småvilt og rype. Storviltjakt stort sett av grunneigarane.

Fiskekort: i regi av grunneigarlaget vert det seld fiskekort i ca 70 vatn og tjønner.

### **Framtida for bygda:**

1. Vinterstid: Hovedsakleg basera på skiturisme, **særleg** frå vestlandet. Stor interesse for Vågslid derfrå, som vil auke med betre vegar / kommunikasjon. Opphald i hotell, fjellstover, utleiehytter og leiligheter / appartements, og i privateigde hytter.
2. Sommarstid er turismen både frå Norge og utlandet, for kortare og lengre opphald.
3. Ny veg/tunellar over Haukelifjell, E- 134, betre infrastruktur, auka trafikkmengde
4. Ferjefri veg frå Stavanger, ca 220 km.
5. Kortare reisetid frå Bergensområdet (Jondaltunnel, Folgefonntunnel) - ca 3,5 4 timar.
6. Vegutbetring generelt på E 134 austover, kortare reisetid frå Oslo, Vestfold, Grenland.
7. Høgfarbane?
8. Arbeidsplassar: Direkte og indirekte avhengig av vidare utvikling innan reiseliv og bygg og anlegg, tjenesteyting.

### **Friluftaktivitetar:**

På sørsida av Kjela-vassdraget er det som nevnt småkupert område med bjørkeskog / furuskog Dette området har merka og rydda gangstiar for somarsbruk, og det er bygd fleire bruer over elva for å lette tilkomsten,

Vinterstid: merka og preparera skiløyper for turgåarar. Løypene vert køyrde opp med trakkemaskin og snøscooter. Det er i dag ikkje løyper over tregrensa.

**Ferdsl** innan vilireinområde (til fots / på ski): Grunneigarlaget har i dag ei restrektiv holdning til anlegg av nye skiløyper og turstigar - men sidan folk både somar og vinter gjerne vil besøke turmål (utsiktspunkt, fjelltoppar etc) vil det ofte vera betre å ha merka løyper. Turistane vil då i stor grad halde seg til desse. Det kan vera større konflikt med villrein der ski- og fotturistar går i "vifteform" over større areal. Dette er også kome fram i Heiplanen.

**Heiplanens definisjon av hensynsområde villrein:** Vi undrar oss over at hensynsområde for villrein er flytt ned til vassdraget - hos oss frå ca 750 moh på lågastliggende eigedom? I løpet av dei siste 20 år har vi hatt villrein i skogsområdet "vårt" svært sjeldan - kanskje ikkje meir enn to-tre gonger vinterstid.

Dersom ein skal vera konsekvent: Burde ikkje då bjørkeskogsarealet bli vurdert som teigjande ved tildeling av jaktkort for villrein? Merkeleg at det ikkje er samsvar mellom jaktområde og hensynsområde. (Skogsterrenget "vårt" er definert som eigjaktområde).

Vi merkar oss at Heiplanen definerer vilireinområde frå høgde 700 m, ut frå vår kjennskap til reinen er det bare enkelte år - i vårløysinga - vi finn rein under tregrensa. Vi tykkjer grensa er sett opp alt for vilkårleg og ut frå ekstreme føresetnader, og burde gjelde bare i år med for eksempel uvanleg dårlege vinterbeite / nedising / snøforhold e.l.

### **Heiplanen - Hardangerviddaplanen:**

Visar til Heiplanens kart med fargekodar som visar bygdeutviklingsområder samt villreinområde og hensynsområde for villrein.

Kvifor er det ikkje same kriterier i Heiplanen som den Hardangerviddaplanen har lagt opp til, der har det blitt vurdert at bjørkeskogområde - under kote 1000 m (?) ikkje er villreinområde. Det er forvirrande med forskjellige fargekodar og benevnelsar i dei to planane.

**Grunneigarane i Vågslid har stor interesse av å ta vare på villreinen - den er ein stor og viktig oppleving som gjer Vågslidområdet interessant for turistar og fastbuande.**

**Trekkruiter:**

Innan området tilhøyrande Vågslid er det eit reintrekk over Kreklingdyrskar, og eit mellom Haukelisæter og Steinvollen. Her går dagens E 134 i dagen som eit hinder mellom Steinvollen og vestover til Dyrskar.

Her er planlagde tiltak som vil påverke villreinen i større grad enn det vi har nevnt innan planar for bygdeutvikling, som ikkje vi har moglehet for å påverke, men som Heiplanen kanskje kan ha innflydelse på. Det viktigaste er, etter vårt syn, er:

**Oppgradering av E 134 - Haukelivegen:**

Sidan det no er utgreiing på gang av vegvesenet om nye tunellar gjennom Haukelifjell, ville det beste vera ein lang tunnel Røldal - Tyrveli, som bygdefolket og næringslivet ynskjer.

Den ville ha sikra reinen sine trekk frå / til Hardangervidda / Heiane, utan vegkryssing/biltrafikk som er særleg problematisk i vinterhalvåret. Det er kanskje enno ikkje for seint å koma med innspel til fordel for villreinen.

Andre tiltak, med mindre påverknad:

**Høgfartsbane over Haukeli:** Dersom den vert bygd, vil den gå gjennom delar av planlagd hensynsområdet for villrein sør for Vågslidvatn og Arbuvatn, før den går i tunnell over til Suldal.

**Ny høgspenlinje:** Planlagd sør for vassdraget, i same området som mogleg høgfartsbane.

**Snikutbygging** av hytter o 1: Frå grunneigarlagets side er det viktig å setje søkelyset på den utbygging som ein ser tendens til langs Haukelivegen, over heile fjellet. Dette er mykje meir til hinder for villreinens trekk- og beiteområder enn f eks ei merka skiløpe.

**Bruken av DNT sine turisthytter, og merka løyper og stigar.**

Sjølv om dette ligg utanfor vårt nærområde, er det ikkje tvil at aukande ferdsel sumar og vinter er forstyrrende for reinen. Denne ferdsla skjer også langt inne i fjellet, der reinen vanlegvis er uforstyrra. Om det er mogleg eller ynskjeleg å begrense denne trafikken i delar av året, veit vi ikkje. Vi ser vel ruta Hovden - Haukelisæter som den mest bruka, og som kan vera til ulempe for reinens beite- og trekkvanar.